



— Lagsblad —

Nr. 4.

April 1921.

4. aaret.

17de mai.

Det hev vore sagt, at etter 1905 hev 17de mai tapt sitt verd; men det høver iminsto ikkje for oss i norskdomsfylkingen aa segja slikt. Me hev enno mykje aa strida for, og det vanter enno mykje paa at Norig er eit sjølvstende land.

17de mai skal vera ein minnedag for det me vann i 1814 og seinare i 1905. Paa same tid bør dagen samla oss um det nasjonale og til strid mot alt som ikkje høver inn i det norske folkeliv.

Folkelivet paa vaar nasjonale festdag syner altfor mykje stas og fjas, og juglet og jaalet kjem som oftast meir fram paa denne dagen enn paa nokon annan dag i aaret. Derimot merkjer ein altfor lite av det som syner fædralandskjærleiken.

Norskdomsfolket bør merkja seg dette, og naar interessa for 17de mai minkar hja det breide lag, so hev me endaa meir grunn til aa gjera dagen til ein nasjonal samlingsdag.

Bondeungdomslaget plar minnast dagen med lagsfest, og festarne i laget hev eit godt umdøme. Likevel maa eg segja,

at dei er ikkje so norske som dei burde vera. Sjølv me her i Bondeungdomslaget dyrkar den framande kulturen.

Geburg Aasland tala i vinter i laget vaart um den norske tonekunst. Han nemnde daa m. a. at me som hadde so mange vakre tonar burde halda oss for god til aa bruka innførde varietevalse-tonar. Me hev godt av aa minnast desse ordi av Aasland. For sjølv um me kallar oss maalfolk og er med i fornorsknings-arbeidet, so kann me jamt, i tankeløysa kannskje, synda paa denne vis som Aasland nemde. Me hev ein gild folkevise-skatt, og laget hev heilt fraa fyrste dag arbeida med aa faa innførd dei gode norske folkedansarne. Likevel kjem det sterkt fram paa festarne vaare, at me set desse dansarne tilsides og svingar oss etter dei innførde unasjonale tonarne.

Skulde me ikkje freista med aa betra paa dette, og burde me ikkje iminsto paa vaar nasjonale festdag halda oss burte fraa slike synder.

A.

Udlandhaug!

Der fins folk her i vaar eigen by, som enno ikkje hev vore paa Udlandhaug.

Eg hev tala med fleire eldre folk som lenge hadde tenkt seg ein tur upp til haugen; men det er ikkje vorte til noko, og eg hev tala med mange ungdomar, som heller ikkje hev kunne vunne upp til vaar kjære Udlandhaug. —

Eg torer segja, at desse som ikkje hev vaare paa haugen, dei har ikkje mykje sans og interessa for natura.

Ingen by i landet, trur eg, har ein so framifraa gild stad, kor ein kan skoda so vidt og langt som nett her paa Udlandhaug. —

Bergen har Fløien og Ulrikken, — og Kristiania har Holmenkollen; — men ingen av desse kan maala seg med Udlandhaug. — Ein so skiftande natur, som utsynet fraa Udlandhaug kan fram-syna, — det kan ein ikkje finna nokon annan stad. Mot sør, — ligg Jæren — denne endelause brune lyngvidda, „kor Hegre stig og Heilo flyg“. —

Og den som i mange aar hev gaat til Udlandhaug, han veit, at denne store flate, brune lyngvidda i dei seinste aari tek til aa grønkast, — og det torer vel henda, at Jæren skal verta Norig sit kornkammer. Mot vest blaanar havet, Nordhavet, som kan reisa segtruande, og med vild og veldug magt bryt mot den laage lange sandstrand, men nordhavet kan og syne seg fraa den ljose sida. — Har du set havet der vest liggja stille og blenkja i den draumstille sumar kveld, — har du set daa kveldsol glar der vest i hav, og sett hav og himmel i brand? — Og hev du set daa soli gyller alvelandet, — eventyrlandet? Og hev du høyrte havet sin saare song? Gaa til Udlandhaug, der kan du faa sjaa og høyra dette.

Mot nord der fær me eit godt utsyn over skjærgaarden, — der fiskarne har sin heim. Holmar, skjær og fiskarver. Mot aust ser ein alle fagre fjordar grønkledde øyar, lidar og bundar, skogkledde aasar og djupe dalar, — og der langt — langt aust stig dei høge snøklædde fjell der isen aldri braanar, og

snøen aldrig tinar. Kva Holmenkollen er for Kristiania bør Udlandhaug verta for Stavanger. — Bondeungdomslaget har gjort sitt til at Udlandhaug er vorte meir kjendt. I 15 aar har laget hat kaffistova i Haraldstaarnet der uppe, nokon forteneest har der aldri vorte av det, men det har kome vel med for dei som ferdast her uppe, at dei har kunne faat seg ein kaffekop og noko mat, — det er so, at naar ein har gaat umlag 4 kilometer, so smakar det godt med noko mat. Kaffistova paa Udlandhaug er opna i aar og, og det vilde vera bra um ogso lagsfolk meir gjekk til Udlandhaug baade for seg sjølv og for skuld kaffistova. End um heile laget ein dag tok seg ein tur til Udlandhaug? —

Kunde ein daa faa songarlaget, mannskoret og leikarringen med — so vaagar eg at me skulde faa ein minnerik kveld paa haugen den dagen.

Bastian Kristheim.

„Vonheim“.

Styret for „Vonheim“ hev seg imillom vald A. Boganes til formann, P. Staurland til skrivar og Leidulf Eide til kassestyrar.

Styret hev vore saman paa „Vonheim“ og set paa ymse ting som skulde vore gjort derute. Pappen paa taket skulde vore tjørebredd ifjor, men daa det var so mykje ruskut ver og styret elles hadde det so ansamt med inngjeringi vert det ikkje noko av. Dette vart ein samd um aa gjera no, men fyrst vil ein olja hytta innvendig, baade veggjer, golv og tak. Hytta er alt gjort rein og det er tanken aa ta til med arbeidet straks. Me lyt difor beda lagsfolket gjera vel aa ikkje gaa inn aa skitna ut fyrr olja er turr.

Det var tanken aa grøfta ut kroketplassen, men daa det ikkje finnst stein derute og ein trulegvis ikkje kan faa noko i nærleiken vart det utsett so lenge.

Daa det vil ta litt tid fyr hytta vert turr og for aa sleppa beda nokon vera vakt „pinstidagarne“ og 17de mai vart ein samd um ikkje aa opna fyrr sundag 22de mai.

Kassa er tom og daa ein treng pengar

til aa betala ljósrekning, olja og tjóra (arbeidet gjer styret paa fritidi si) med, vil opningsfesten verta skipa som pakkefest.
A. B.

Kann me selja middag paa stovene aat laget?

Etter alt aa døma kann laget rekna med at fortienesta paa stovene iaar vert mindre enn vanlegt. Dei flauere tidene fører det med seg. Eg vil difor setja fram dette spursmaalet: Kann det lata seg gjera aa selja middag paa stovene vaare?

Eg trur laget vilde tena ein ekstra-sking paa det. So stilt det er paa stovene no skulde det ikkje vera turvande aa auka tenarhjelpi heller. Me er mange lagsfolk — umlag eit tjug — som gjeng „ute“ og kjøper middag kvar dag aaret rundt. At desse vilde melda seg som „faste“ gjester um laget tok til med aa selja middag, tvilar eg ikkje paa.

Kunde berre laget ha eit rom aa avsjaa eit par timar mitt paa dagen, trur eg visst det skulde gaa.

Me kann rekna: 20 middagar i 360 dagar med ei fortienesta av 25 øre pr. middag = kr. 1800.00 i eitt aar. Det vilde verta ein gild skilling for laget.

At det vilde verta gildare, heimslegare og rimelegare for dei lagsfolki som elles lyt kjøpa middagen „ute“, er sjølv sagt. Dette var no berre noko eg kom til aa tenkja paa. Um det kann lata seg gjera, er noko anna. Eg vil likevel be styret ofra dette ein tanke.

K.

Syklar.

Hr. Thorvald Veire, Bredgata 9 har gaat med paa aa gjeva medlemmer av Bondeungdomslaget 10 % rabatt paa dei vanlege utsalgsprisar paa sykklar anten dei betalær kontant eller paa avbetaling. Lagskortet maa ein ha med seg, naar ein tek ut sykkelen. Me oppmodar lagsfolk aa nytta dette høve.

Vakter paa Havsro,

sumarhalvaaret 1921.

- Mai 8. Emely Jakobsen, Betsy Hviding, Jul Sømme.
— 15. Lissi Bø, Sølga Talgø, Arne Bærheim.
— 16. Klara Johannesen, Jenny Johannesen, Sigurd Bærheim.
— 22. Lydia Valde, Agnes Olsen, Anders Løvik.
— 29. Sidrid Eide, Brita Iversen, Petter Arnevik.
- Juni 5. Malla Eide, Aasa Vaage, Erling Brommeland.
— 12. Fredrikke Lode, Rakel Aadnesen, Tormod Fossan.
— 19. Serina Steine, Karen Nymann, Kr. Bærheim.
— 26. Rakel Fossan, Kaia Fatland, Per Sekse.
- Juli 3. Marta Dybsjord, Mathilde Hetland, Sigurd Næs.
— 10. Johanna Pallesen, Maria Larsen, Severin Næsвик.
— 17. Aasa Boganes, Marie Eide, Andreas Boganes.
— 24. Gunda Bø, Konstanse Røe, Nic. Aarrestad.
— 31. Signe Aspelund, Gunhild Kommedal, Per Staurland.
- Aug. 7. Gurine Nordbø, Ingeborg Johannesen, Johan Jeremiassen.
— 14. Gudrund Saltvold, Elfrid Isaksen, Alfred Løvik.
— 21. Margit Knudsvik, Kristofa Knudsvik, Johs. Næsвик.
— 28. Ella Idsøe, Agnes Lærdal, Nils Hatteland.
- Sept. 9. Maria Arnesen, Gudrun Haa-varstein, Oluf Bergsvik.
— 11. Marta Haraldstveit, Ellen Staurland, Korn. Trodal.
— 18. Elisa Bergsvik, Inger Haukalid, Leidulf Eide.
— 25. Helga Moluf, Gunhild Moluf, Tore Moen.
- Okt. 2. Nemdi.

Dersom der er nokon som ikkje kan ha vakt paa den uppsette tidi, maa dei vera ansvarleg for aa faa eller byta med andre.

Sørlandsbana.

Torsdag den 28. april heldt konsul *Sigval Bergesen* foredrag i Bondeungdomslaget um *Sørlandsbana*. Det var ei overlag interessant og overtydande foredrag. Den store møtelyd fylgde daa og spendt med, og gav talaren sterk fagnad. Etterkvart som talaren kom inn paa dei ymse sidor ved spursmaalet, og med tyngre og tyngre argument synte det umotstaaelege krav til denne stambana, trengde visseleg det spursmaal seg fram hjaa kvar av oss: Kvifor er ikkje ein sjølvsgd stambana som denne komen fyrr? Her maa ikkje tegjast for saki er løyst, ropet maa verta so høgt og kravet so sterkt, at statsmagterne ikkje kan yversjaa det. Denne bana er ei nasjonalsak som maa løysast utan opphald. Det maa vera kravet, og til dette kravet vil ogso Bondeungdomslaget slutta seg so sterkt det kan.

Stemna paa Havsro.

Naar lenger lid vil det verta tilskipa ei stemna paa Havsro. Til saman med nemndi for Havsro aa tilskipa stemna er valde: A. Løvik, Kr. Bærheim og Eldbj. Mjaanæs.

Stemna i Haugesund.

Fraa Haugesunds maallag er kome skriv um at stemna er fastsett til sundag den 12. juni. Dei vonar paa mannsterkt frammøte fraa Bondeungdomslaget og me tvilar ikkje um at lagsfolket vil nytta dette høvet. Det er von um at det vil koma landskjende talarar til stemna, og maallaget vil gjera det dei kan til aa faa ei vellukka stemna. Me arbeidar for tidi med spursmaalet um aa leiga eigen baat og truleg vil ein faa ein slik til rimeleg pris. Men elles vil turen verta nærmare dryfta paa lagsmøtet den 12. mai.

Maanaden som kjem.

Torsdag 5. mai (Heilagtorsdag) gjeng turen til *Havsro*. Der vert pakkefest og ymse anna. Um veret vert bra, vil det nok verta folksamt paa Havsro den dagen.

Torsdag 12. mai vert det vanlegt møte i laget. Bærheim vil syna fram ljusbilæte og fortelja attaat. So vil planarne for sumaren verta umtala og truleg vert det høve til ordskifte. Desutan opplesing ved A. Løvik. Dette møte vert det siste for sumarferien, so me saag gjerne at lagsfolket møtte mannjamnt.

17. mai vert det som vanleg fest. Til festnemnd er vald: *Lyse, Bergsvik, Boganæs, Alvsnæs*, fru *Boganæs*, frøknerne *Bergsvik, Lode, Lærdal, Svadberg* og *Hetland*. Me vonar nemdi fær til ein fest som vert til æra for dagen og til hugnad for lagslemene.

Torsdag 26. mai vert det *leikemøte*.

Ymse.

Jubileumsstemna aat Norigs Ungdomslag er planlagd soleis: 6.—7. juli Leikarstemna, 8. juli aarsmøte, um kvelden utferd til Bondeungdomslaget si hytta i Bymarki eller ei innanhyses tilstelling. 9. juli samraadsmøte um ungdomsarbeidet. Um kvelden baattur til Steinviksholm. 10. juli gudstenesta i Domkyrkja og umvising i kyrkja. Festmiddag. Talarstemna i Steinberget. Idrottstevling. Avslutningsfest.

Som utsendingar fraa Bondeungdomslaget er valde: Leidulf Eide, K. Trodal, Alfr. Løvvik, Sølga Talgøy og Guri Nordbø.

Bondeungdomslaget i Oslo hev skipa sparekasse og løyvt 10 000 kr. til grunnfondet.

Det forargelige maalalter. „Ljosheim“ skriv: Ein velvyrd sunnmørsbonde hev ei dotter som heldt „Ljosheim“, — men daa bladpengarne vart kravd, fekk me dette svaret fraa han: Her blir ikke indløst noget fra den kant, da jeg synes at ha ofret nok — 10 barn — paa dette forargelige maalalter.

Songarlaget vaart skal vera med paa songarstemna som skal haldast i Skjold 19. juni.

Festskriftet.

Redaksjonen av festskriftet er no avslutta. Klisjefabrikasjonen er i full gang. Verket vil verta sendt til prentings i midten av april. Og det er lova ferdigt innan utgangen av juni, og skal so bli, um ikkje noko sers kjem i vegen.

Det er kome inn umlag 2000 fyre-handstingarar som hev betala kr. 10,00 paa forskot. Styret godkjende i møtet 21.--22. mars desse tingingane som var komne inn paa rundskriv fraa Skrivarstova 15. desember 1920. Men dei som ikkje innan 1. april verkeleg har betala skriftet maa leggja kr. 12,50. Vilkaara var elles at betalinga skulde vera send innan utgangen av januar, se det er likevel gjeve 2 maanader utlengd frist. Bokbuprisen vil venteleg bli ikring 20,00. Men dei som endaa skulde ynskja aa vera med som forskotstingarar skal faa det for kr. 12,50, um dei tinga og betalar innan utgangen av mai maanad.

Det kan vera at mange ynskjer boka innbunda. Soframt mange nok melder seg skal dei faa det. Det skal ikkje kosta over kr. 3,00 for dei som tingar innbinding fyreaat. Kan det gjerast for billigare pris skal det koma forskotstingarane tilgode. Tillegget for bandet vert daa teke i postuppkraft, samstundes med at boka vert send.

Vi skal faa ein kjend kunstnar til aa laga teikning til eit fint originalband.

(„Norsk Ungdom“).

Løys lagskortet!

Me bed dei medlemmer som enno ikkje hev betalt aarspengarne til laget, gjera dette no fyrr sumarferien.

Snorre-monumentet.

Til alle fylkeslag av frilynd ungdomsskipnad senden Snorrenemndi i desse dagar rundskriv med oppmoding um aa taka innsamling til monumentet paa stemnorne til sumaren

Andre samskipnader eller lag som held stemnor vert og med dette bedne um aa samle ind pengar til Snorre-monument. Blad som hev samhug med arberdet gjer vel aa take denne oppmoding.

Rundskrivet lyder so:

Den frilynde ungdomsrørsla hev si sterkaste rot i vor saga og dei rike minni um den gamallnorske kultur.

Framum nokon annan er det sogemannen Snorre Sturlason som hev gjeve oss denne fedraarven.

Difor vil me reisa Snorre eit monument paa Island til takk for det han og andre islendingar hev gjort for norsk sokeskriving. Den norske ungdom hev synt stor samhug med dette arbeidet. Og aarsmøtet i Norigs ungdomslag paa Notodden 1920 vedtok samrøyst aa gjeva tanken sin studnad.

Me hev til dessa ikkje gjort noko større med innsamlingi avdi me ikkje vilde koma ivegen for arbeidet med innsamlingi av minnegaava til Garborg. Men no torer me beda det vyrde styret taka saki upp og samla inn pengar til monumentet paa dei ungdomsstemnor de kjem til aa halda til sumaren. Det vore best om stemnorne vart skipa med foredrag um Snorre eller Island eller eit emne or saga vaar. Det kunde daa høva aa taka innsamlingi etter eit sovore foredrag.

Hordalands ungdomslag hev vedteke saman med nokre andre lag aa skipa ei sers Snorre stemna paa Stord. Men for dei fleste lag vil det høva best aa taka saki upp paa dei vanlege sumarstemnorne.

Dei pengar som kjem inn sender ein til skrivaren i Snorrenemndi, adressa Landsbanken Bergen. Med vyrdnad

Snorre-nemndi
Torleiv Hannaas,
form.

A. Skaasheim
skrivar

»Norske folkenamn«.

Denne boki av Ludv. Bru har me i boksamlingi vaar. Ho tek til med desse ordi: „Av dei døypenamni som er brukte her i landet no, er det berre millom ein tridjepart og ein fjordepart som er norske. Svært mange av dei høyrer elles ikkje heime nokon stad; men er nylaga og meiningslause“.

Me ser soleis kor laagt det norske staa her og.

Dei norske folkenamni har meir enn andre ord i maalet vaart vorte umskapa og tillaga etter dansk mynster. Soleis har Svein vorte til Svend, Stein til Sten, Olav til Ole, Gunnar til Gunder, Ivar til Iver o.s.b.

Det heiter i ordtaket at „namnet skjemmer ingen“; men det er berre halv sanning. Les „Norske folkenamn“.

K.

PETROLEUMSLAMPER STENTØI & GLAS

I STORT UDVALG

HANDLENDE HØI RABAT.

S. GITLESEN

:: :: ØSTERVAAG 41 :: :: ::

SYMASKINER STRIKKEMASKINER BARNEVOGNER og SYKLER

BEDST OG BILLIGST I

MASKINHUSET

(INDEH. THORVALD VEIRE)
BREDGATEN 9

GODTFOLK!

Naar De skal hava brudlaup, barsøl eller anna gjestelag, so hugs at De fær dei beste drikkevaror hjaa meg

————— Løna med fleire medaljor —————

Telefon
727 k

GUNNAR LØVIK

————— KONGSGATA 36 —————

Telefon
727 k



Livstrygdelaget „ANDVAKE“

er tufta paa heilnorsk grunn, og er difor rette staden for lagsfolk naar det gjeld livstrygding

Agent Lars Bjørheim
Lyder Sagensgt. 1

J. L. TIEDEMANN'S TOBAKSFABRIKS
KOMMISSJONSLAGER I STAVANGER

*Stadig paa lager
de mest anerkjendte merker
i Cigaretter og Tobak*

J. Bjørge
Benyt telefon 1093 Kirkegaten 2

Lagsfolk!

*Forsøk min
nymoderne
Barbersalon*

JENS JENSEN KIRKEGATEN 33
(v. Handelsbank.)



A. J. Sømme

— SKRÆDDER —

Nedre Strandgt. 8 II

Telefon nr. 2264.



Sigurd Sømme

SNEDKERFORRETNING

: BADEHUSGATEN 2 — STRØMSTENEN ::

Telefon 3086

..... Spesialitet:

Dører, Vinduer & Trapper

1ste Kl.s Arbeid

All ny literatur

John Larssen

Bokhandel
Kirkegaten 11

N. AARRESTAD

BERGELANDSGT. 20

TELEFON 772

**Colonial- og
Fedevareforretning**

Sort hyldebærsaft

utmerket middel
- mot gift -

faaes hos

BERNT PEDERSEN & Co.

Nygaten 16 :: Stavanger

NORSK ELEKTRISK & BROWN BOVERI

KIRKEGATEN 39
STAVANGER

**ELEKTRISK MATERIEL
ELEKTRISK UTSTYR**

*Ingen presenter
 pryder og pynter
 som blomster fra
 Blomsterballen*

Alf Solheim

Østervaag 24

□□□

PAPIRFORRETNING
 RAMMEVERKSTED

R. G. Klovning

Breidgata 20 ∴ ∴ ∴ ∴

KOLONIAL

Hampegarn - Bomullsgarn

SNØROR - TOGVERK

OLJEKLÆR.

Gjev gaum!

Største og finaste utval i
**raamelistur, ovale
 gullspeglar og raamur**
 Innraaming av bilæte

M. Andreassens

raameverkstad : Ø. Holmegt. 25
 Telefon 1469

BRØDRENE MAG

Nygaten 48

∴∴∴

Telefon . 937
 Butikken . 3083

**Malervare- og
 jernvareforretning**

Telefon 102

A. IDSØE

KJØD- OG PØLSE-
FORRETNING ∴ ∴

GODE OG BILLIGE VARER!

Bygm. Emanuel T. Aspelund

Telefon 3161

TJENSVOLD

Alt Tømmer- og Indrednings-
 arbeide utføres.

Tegninger og Overslag leveres.

TIME

Jonas Jørstads BOKHANDEL

Stort lager av nyare og eldre litteratur.
 Tingingar til boksamlingar og leselag
 vert sytt for fort og greitt ∴∴∴ ∴∴∴ ∴∴∴

Fotografiske artiklar

Musikvarer